



Referat frå elevrådsmøte 8-10, tysdag 20.01.26

Desse møtte i tillegg til elevrådskontakt Hilde:

8A: Andreas og Frøya

9A: Nora og Eline

10A: Dina og Dhalia

9B: Tina og Therese

10B: Bernhard

Saksliste

Sak 1: FAU sin kosthaldsrettleiar

Elevrådet er nøgde med arbeidet som styret har gjort med å utarbeide skriv til FAU, og godkjenner at dette kan sendast slik det er til FAU-leiar.

Sak 2: Evaluering av helseveka

	Kva har vore bra / kva ynskjer vi å ta med oss vidare?	Er det noko vi bør gjere annleis neste år?
8.trinn	Kjekt å få sitje fritt i lunsjen. Klassen elska turneringane.	Ingen innspel.
9.trinn	Bra med varierte/annleis skuledagar Likte godt føredraget til Sindre R. Likte godt turneringa – positivt med blanda lag. Kjekt med lunsj der ein får sitje på tvers av klassane. Syns generelt det var ei veldig bra veke.	Kan gjerne vere andre aktivitetar i turneringa – ikkje alltid det same. Enda meir lågterskel på temadagane. Osten under lunsjen (var hard).
10.trinn	Kreativt. Kjekt med turnering. Positivt med felles lunsj. Samtale med skulelegen var heilt ok. Generelt positivt og kjekt med annleis dagar/prosjekt.	Ingen innspel.

Alt i alt formidlar elevrådsrepresentantane at «Helseveka» er ein positiv og kjekk tradisjon vi har på skulen og noko som ein ser fram til kvart år.

Sak 3: Kantinedagar – elevkantina

8. trinn: dei fleste elevane var begeistra for moglegheita for å kunne sitje i kantina for å ete på kantinedagar, og moglegheita til å kunne spele bordtennis.

9. trinn: om lag halvparten av elevane har interesse for dette.

10. trinn: det var interesse for det, men det gjaldt nokre få.

Drøftingar som kom fram i elevrådet:

- Heile poenget med å kunne få sitje i elevkantina å ete, må vere at ein då kan få sitje med kven ein vil – frå ulike trinn (slik som ein gjorde under felleslunsjen i helseveka).



- Elevrådet er opptekne av at det skal vere god ro rundt maten, og at ein difor beheld mattida som vanleg (10.50-11.10) og fullfører denne tida før ein set i gang med bordtennis. Ein forventar at ein sit fint og et maten og bidrar til å halde god matro. Dersom ein ikkje forhold seg til dette, må ein ete maten på klasserommet.
- Elevrådet drøfta ulike moglegheiter for korleis ein skal rullere/fordele speletid på bordtennis – det var drøfta både at ein kan nytte tid eller poengsum. Elevrådet konkluderte med at det mest rettferdige er å kombinere desse to: ein spelar til anten tre minutt eller fem poeng – alt etter kva som inntreff først, og så får dei neste i køen spele.
- Elevrådet tenkjer det kan vere bra med «elevvakter» som har særleg ansvar for å følgje opp særleg bordtennis. Frå elevrådet meldte Andreas, Therese og Eline seg. Det må sjølvstøtt også vere vaksne som har inspeksjon i elevkantina også. **Oppdrag i klassane:** sjekke om det er fleire elevar som kan tenkje seg eit slikt ansvar.

Konklusjon:

Styret, saman med elevrådskontakt, arbeider vidare med utkast til organisering og reglar. Elevrådskontaktane høyrer med sine klassar om det er andre elevar som kan tenkje seg å vere elevvakt. Elevrådsrepresentantane melder tilbake om dette i Elevrådschatten på Teams snarast.

Sak 4: Komité til Globalløpet

Følgjande elevar har meldt interesse for å vere i komiteen til Globalløpet:

8. trinn: Isabel, Mia, Lars, Leander, Thea, Othilie, Nora, Edvard, Eirik, Sienna, Martine

9A: Sverre, Eline, Marie, Nora

9B: Tina, Therese, Lena, Jena, Live, Ugne

10A: Dhalia, Dina, Sander R

10B: Har ikkje hatt klasseråd. Bernhard sjekker ut med klassen og melder tilbake i elevrådschatten på Teams.

Konklusjon: Hilde melder dei interesserte til Bente Helen og Else. Dei vil gje tilbakemelding til dei elevane som blir del av komiteen.

Sak 5: Saker frå klassane

8.trinn	Ynskjer fleire turneringar utover våren. <i>Hilde tek dette med som innspel til lærarane.</i>
9A	Ynskjer gratis skulemat. <i>Ynskje er forståeleg, men dette er noko som ligg over kva vi kan styre.</i>
9B	Mange elevar i klassen ynskjer sommarball (arr. 9. trinn til inntekt for Polentur). <i>Ta dette opp med kontaktlærarar / klassekontaktar.</i>
10A	Ingen saker.
10B	Ynskjer klassevis turnering. <i>Hilde tek med dette som innspel til lærarane.</i>

Beste helsing

Frøya

Referent

Hilde Sognnæs Strandos

Vikarierende elevrådskontakt 8-10

Frå neste møte tek Bente Helen over som elevrådskontakt att.